

XX  
XX  
XX

Dato: 10. jul. 2023

Dykkar ref.nr. 202310185

## Kommentar til RME høyringsdokument nr. 1/2023

Kvam Energi Nett AS har ein kommentar til RME sitt forslag om å oppheve §1-6.

Tenker då særskilt på ordlyden som ivaretar/gjev kraftleverandør og netteigar rett til å innhente opplysninger om namn, fødselsnummer og d-nummer frå Freg for sine kundar.

### **§ 1-6. Kvalitetssikring og migrering av data til Elhub**

Ved datamigrering til Elhub skal nettselskap og kraftleverandør kvalitetssikre sine opplysninger før de overføres til avregningsansvarlig. Ved kvalitetssikring har nettselskap og kraftleverandør rett til å innhente opplysninger om namn, fødselsnummer og d-nummer fra Det sentrale folkeregister for sine kunder.

Det vert i RME sin grunngjevnad vist til at det ikkje lengre vert migrert data til Elhub, og RME meiner dermed at §1-6 er overflødig.

Men det vert dagleg ført over nye verdiar på kundar, målepunkt m.m frå kraftleverandørar og netteigarar til Elhub.

Også desse verdiane skal vera kvalitetssikra.

Me meiner dermed at m.a ordlyden «*Ved kvalitetssikring har nettselskap og kraftleverandør rett til å innhente opplysninger om namn, fødselsnummer og d-nummer fra Det sentrale folkeregister for sine kunder.*» bør verta vidareført, slik at det ikkje kan koma saker der dette vert trukket i tvil.

Med venleg helsing  
Kvam Energi Nett AS

Ronny Bakke-Byrkjeland